

Evaluering, 167, hausten 2014

Faglærars vurdering av

Gjennomføring

Dette kurset er no todelt i innhald, med ein metodedel og ein etikkdel. Kurset bar også hausten 2014 namnet «Etikk, metode og opphavsrett», men opphavsrettsdelen blei i praksis teken vekk. Frå hausten 2015 er også kursnamnet (og –beskrivelsen) endra til «Etikk og metode».

Metodedelen har førelesingar og ein god porsjon gjesteførelesarar. Etikkdelen er også førelesingsbasert, men med eit internt PFU-møte som viktig ingrediens, der studentane behandlar heilt ferske PFU-saker.

Eksamen består av ei refleksjonsoppgåve (knytt til etikkdelen) og ein tredagars heimeeksamen (knytt til metodedelen). Eksamensresultata må seiest å ha vore svært tilfredsstillande. (4 av 16 – 25 % - A, til dømes.)

Undervisninga var denne hausten, for første gong, gjort obligatorisk. Dette var det ingen problem med. Studentane møtte og var ivrige med i diskusjonar. Spesielt vellykka var økta med PFU-leiar Alf Bjarne Johnsen, der studentane sat ein halvtime på overtid for å diskutera med Johnsen.

Rammevilkåra

Lokala og undervisningsutstyret til dette kurset var heilt greie.

Samla vurdering

Kurset fungerer godt. I praksis er «metode» og «etikk» to skilde kursdelar, men studentane reagerer ikkje spesielt på dette. Dei set pris på å få avslutta metode-delen med eksamen, før etikk-delen startar, slik me gjorde det denne hausten.

Student-evaluering

Det blei gjennomført ei enkel studentevaluering siste økta på kurset.

Evalueringa var gjennomgåande positiv. Studentane var mest kritiske til «et for løst forhold mellom pensum og forelesningar». Dette blei studentane gjort merksame på ved kursstart, særleg på etikk-delen: Sidan studentane ikkje direkte skal bli prøvde i pensum, men sjølve lagar problemstillingar til refleksjonsoppgåve, med relevant litteratur, var det viktig å vera fleksibel i tematikkane i førelesingane.

PFU-møtet i etikk-delen fekk svært høg score – med klar melding om at ein ønskte fleire liknande sensar.

Lars Arve Røssland
18.12. 2014